



Sak nr 35/2021

Møtedato: 28.10.2021 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen


Nye opplysningar i saka på side 3

Fjellstyrehytte

Fjellstyret har i sak 19/19 vedteke å fremme søknad om bygging av to fjellstyrehytter og eit uthus etter §35 i fjellova. Vedtaket er klaga over av hyttenaboar ved Flyin og vedtaket er sendt til Landbruks- og matdepartementet (LMD) til avgjer. Det er usikker når vi får tilbakemelding frå LMD på klagen.

Det er viktig med eit tilbod for det enkle friluftslivet. Fjellstyret har derfor i ei årrekke lagt til rette med rasteplassar, utdoar, infotavler m.m. Ein har lagt til rette for fri camping fleire plassar. Frå før er det ingen andre hytter som blir leigd ut på korttidsbasis i statsallmenningen, utanom ei lita bu fjellstyret har. Bua (matrikelnr. 94/1/250) leiger vi ut for kr 400 pr. døgn inkl. båt. Dette er eit svært populært tilbod og vi har leigd ut hytta svært mykje i juni, juli og august. Det er meir sporadisk bruk på hausten. Det er langt til brøytt veg, så det er nesten ingen utleige på vinteren. Det er hytter til utleige ved Vaset, men dette er berre hytter med høg standard og til høg pris. Vaset ligg 15 km frå aktuell plass og ligg i utkanten av statsallmenningen. Med erfaring frå utleige av bua ved Flikja, vil det vera stor etterspørsel for ei hytte med enkel standard.

Administrasjon har vurdert andre alternativ for fjellstyrehytte. Dette kan vera som tillegg til hytte ved Flyin eller som erstatning. Det nye området som ein har sett på er ved Buaråne. Dette er sentralt i allmenningen og gjer at større del av allmenningen lett kan brukast ut frå hytta. Dette alternativet vil ikkje få straum eller vinterveg heilt fram. Det er i god avstand frå andre hytter, avstand til næraste hytte er 130 meter med tett bjørkeskog mellom. Bygging av hytte her bør derfor ikkje kunne vera til ulempe for andre. Avstand til parkering på vinteren 450 meter. Om ein bygger hytte ved Buaråne, kan ein seinare søkje om ny tomt ved Flyin eller andre stadar om det er aktuelt.



Ved plassering ved Buaråne har ein tenk ein enklare standard, med utedo, solceller og utan innlagt vatn. Hytta bør ha sengeplassar for 6 personar. Det må følgje med båt som brukarane vil kunne nytte gratis. Det må òg byggast eit uthus med utedo, lager og skåle. Hytta er spesielt berekna for sumarbruk for fiskerar ved Storfjorden, Buaråne og Mosvatnet. Jegerar vil også finne dette som eit godt tilbod på hausten. Hytta vil bli liggande nær brøytt veg og hytta kan derfor bli brukt ein del om vinteren. Fjelloppsynet vil òg kunne nytte bua ved oppsyns- og skjøtselsarbeid.

Veg bort til hytta vil følgje gamal veglei som vart bruk før regulering av Storfjorden i 1957. Byggegrunn er god og hytta vil bli plassert på pilarpunkt. Naturinngrep og kostnad med grunnarbeid og veg vil derfor bli avgrensa.

Statskog sin lokale eigedomskonsulent, Kristin A. Midtmageli, har vore på befaring på den aktuelle plassen og gav positive signal på tiltaket og plassering. Det er avklara med Innlandet fylkeskommune, kulturarveing at det ikkje er verneverdiar som er til hinder for aktuell tomt kan brukast.

Det vil vera aktuelt å få tilskot frå Grunneigarfondet (administrert av Statskog) og Spillemidler (administrert av DNT). Fjellstyret må gjera vedtak om å avsetja midlar til tiltaket for å kunne søkje om tilskot. Hytta kan bli leigd ut til ein rimeleg pris på inatur.no om vi får tilskot til tiltaket.

Budsjett for tiltaket er slik:

Utgifter

Planlegging, gebyr mm	25 000
Bygging av hytte jf. tilbod (2019)	800 000
Grunnarbeid og opparbeiding av veg/parkeringsplass	40 000
Møbler, kjøkken, solcelle, div utstyr	100 000
Bygging av uthus (utedo, skåle, lager)	75 000
Opparbeiding av brygge/båtplass	5 000
Kjøp av båt, Alufish 433	30 000
Uforutsette utgifter	50 000
Sum	1 125 000

Finansiering

Grunneigarfondet 40%	450 000
Vestre Slidre fjellstyre 30%	337 500
Spillemidler 30%	337 500
Sum	1 125 000

Det er ikkje garantert at ein får det beløp det blir søkt om i tilskot og det kan derfor vera aktuelt å avsetja eit noko større beløp. Det kan òg skje at utgifter blir større enn det som er budsjettert. Spillemidler har søknadsfrist 1. november og vi kan derfor ikkje rekne med svar på denne søknaden før enn våren 2021. Grunneigarfondet behandlar søknaden våren 2020.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret søkjer om tomt ved Buaråne til fjellstyrehytte etter §35 i fjellova og avsett inntil kr 400.000 til bygging av ny fjellstyrehytte.

Vedtak:

Fjellstyret søkjer om tomt ved Buaråne til fjellstyrehytte etter §35 i fjellova. Budsjettet for tiltaket blir auka med 20% for å få til betre tilpassing til universell utforming. Fjellstyret avsett kr 392.400 (30%) til bygging av fjellstyrehytte.

Budsjett:

Utgifter

Planlegging, gebyr mm	25 000
Bygging av hytte jf. tilbod (2019)	800 000
Grunnarbeid og opparbeiding av veg/parkeringsplass	40 000
Møbler, kjøkken, solcelle, div utstyr	100 000
Bygging av uthus (utedo, skåle, lager)	75 000
Opparbeiding av brygge/båtplass	5 000
Kjøp av båt, Alufish 433	30 000
Tilpassing til universell utforming	183 000
Uforutsette utgifter	50 000
Sum	1 308 000

Finansiering

Grunneigarfondet 40%	523 200
Vestre Slidre fjellstyre 30%	392 400
Spillemidler 30%	392 400
Sum	1 308 000

Vedtaket er samrøystes.

Nye opplysningar i saka om fjellstyrehytte:

Grunna m.a. Korona og andre omsyn har prisar på byggematerialer blitt sett opp i fleire rundar i 2021. Dette saman med at fjellstyret ikkje fekk tilskott frå tippemidlar gjorde at oppstart vart utsett. Dette er og avklare med allereie tildelt tilskott frå Statskog/grunneigarfondet, og det er gjeve frist ut 2022.

Teikningar er og revidert, hovudsakeleg med tanke på auka tilrettelegging for bevegelseshemma, med ei rampe som gjer tilkomsten enklare. Uthus/vedbod osv er og endra med at det no er plassert inntil hytta, med eit felles takoverbygg som gjer at tilkomst til utedo osv er endå enklare enn å måtte gå ut av hytta, ned på bakkenivå og opp i eit anna bygg. Dette mellombygget kan og nyttast til utedagar med dårleg vær. Det finst fleire stolar i vår allmenning med slikt mellombygg, slik at dette eir ein byggeskikk som hører til området.

No i 2021 er det tildelt tomt frå Statskog, slik at dette er avklara. Det er og gjeve dispensasjon får kommunen, slik at forholdet til plan- og bygningslova er avklara.

Det som står att er å vurdere budsjettet på denne utbygginga sett i lys av auka prisar på byggevarer, samt endra teikningar.

Budsjettet ser no slik ut:

<i>Planlegging, gebyr mm</i>	<i>25 000</i>
<i>Bygging av hytte- arbeid jf. tilbod (2021)</i>	<i>867 500</i>
<i>Grunnarbeid</i>	<i>140 000</i>
<i>Møbler, kjøkken, solcelle, div utstyr</i>	<i>100 000</i>
<i>Bygge-materialer/inkl rør/el-arbeid (overslag 2021)</i>	<i>1 425 000</i>
<i>Kjøp av brukt takstein/skifer</i>	<i>50 000</i>
<i>Uforutsette utgifter</i>	<i>100 000</i>
Sum	2 707 500

Finansiering er tenkt slik:

<i>Grunneigarfondet</i>	<i>395 000</i>
<i>Vestre Slidre fjellstyre</i>	<i>1 410 500</i>
<i>Spillemidler 1/3</i>	<i>902 000</i>
Sum	2 707 500

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret avsett inntil kr 1 500.000 til bygging av ny fjellstyrehytte.

Vedtaket:

Som forslaget

Samrøystes vedteke